

Idrettsminne:

Olav P. Hole (1927 - 1978) gjekk bort altfor tidleg, men sette likevel spor etter seg. Særleg i vinteridrettane, hopp, langrenn og kombinert. Spesielt i langrenn hadde han nokre sterke sesongar som ein av kretsens beste løparar. Han gjorde òg ein stor administrativ innsats for laget, mellom anna var han leiar i 1964 og 1965.

I idrettslaget sitt arkiv finst eit skriv Olav P. Hole har forfatta tidleg i 1964. Det handlar om sportsleg status og anleggsstoda for perioden 1945-1963. Vi tek skrivet med - til ære for ein trufast slitar og idrettsven.

Velledalen idrottslag 1945-1963

Etter krigen stod idrottslaget på bar bakke, utan idrottsanlegg av noko slag og utan pengar. Etter ein kjempeinnsats av heile dalen vart hoppbakke og fotballbane opparbeidd. Hoppbakken på Brunstad hadde til og med flomlys, noko som var eit særsyn på desse kantar av landet. Fotball-laget vart starta, friidrotten vart dyrka stort og vinteridrotten ikkje dårlegare. Med andre ord gjekk det frå siger til siger året rundt, og aldri har vel noko idrettslag her i fylket oppnådd slike allsidige resultat som Velledalen idrottslag i perioden 1945-1953.

Skam for bygda. Når det gjeld friidrott og vintersport har det gått nedoverbakke i dei siste ti åra. Det må nemnast at det sist vinter ikkje var skispor i Brunstadbakken for heile vinteren. I dag heng rotne stolpar etter strengane og ljoskastarane hulter til bulter. Eit trist syn, og dette skal vere Sunnmøre Skikrets sin uttekne hoppbakke. Ei skam for heile bygda! Det nye stadion på Dalemyra står halvferdig, og badstova på same stad manglar ca. fire tusen for å bli ferdig.

På siste årsmøtet vart desse valde: Jon C. Brunstad, Johan S. Grebstad, Arvid Henriksen, John Holmberg og Olav P. Hole, formann. Slik overtek vi Velledalen idrottslag pr. 1/1-64, og dertil tom kasse!

Tre renn. Vi vart samde om å søkje Skikretsen om kretsrenn og distriktsrenn etter fleire års fråvere. Som svar på søknaden vart vi bedne om å avvikle kretsmeisterskap i hopp og langrenn, kretsrenn i hopp og eliterenn i hopp, altså tre renn. Vi står på ny overfor eit vere eller ikkje vere, og har bestemt at renna skal avviklast. Det byr på store vanskar då hoppbakken er i slik forfatning. Det er difor gjort vedtak om å koste nye stolpar og ljoskastarar, noko som vil koste ca. fem tusen kroner, etter eit kostnadsoverslag gjort av Kraftverket. Dette anlegget er godkjent for konkurransehopping.

Støtte frå folket. Hoppsamlinga med dei beste hopparane i landet som skal møtast i Brunstadbakken vert også ein stor representasjon for bygda. I vår store pengenaud skal vi søkje kommunen om stønad til dette anlegget. Elles har vi planert ein del i tilrennet og i overgangen i bakken. Dei gamle ljoskastarane skal vi plassere i to 20 meters bakkar ved Sverre Brunstad og Harald Lørdøen.

Då desse renna kom på oss som ”jula på kjerringa”, har vi alt satsa utan å ha finansieringa i orden. Elles måtte vi ha avlyst renna. Som Dykk forstår, går vi for fullt inn for at Velledalen idr.lag atter skal representere bygda, og for at dette skal realiserast må heile folket støtte. Om nokre dagar vil nokon bli sendt rundt i dalen med oppmoding om å teikne seg som medlem i idr.laget. Medlemskorta er nummererte og det vil bli foretekje ei trekking på nokre ting div. møbelfabrikkar vil gi. Vi vonar at Dykk vil hjelpe idrottslaget til å skape ein sunn og frisk ungdom i bygda vår.

Med idrottshelsing

VELLEDALEN IDROTTSKLAG

Olav P. Hole, formann